

HØR - uskedeling i ny, spennande trio.

14.06.2017



Trioen HØR med dyktige og erfarne musikarar debuterer på offentleg konsert, Runa Isene,(f.v.), Hilde Svalbjørg og Øyvind Sture.

Førstkommande laurdag kl.17 er det klart for den årlege juniførestillinga på Vangssago i Rosendal. Arrangementet vert arrangert for 11. år. Tidlegare har dei alltid henta artistar utanfrå, men i år er det dyktige lokale artistar som skal stå for musikken. Det er trioen HØR som debuterer, Duo Romantica og Rosendal songlag.

Førestillinga har fått namnet «Under himmel over hav» etter tittelen på ein av songane som den spennande trioen HØR skal framføra. Denne trioen består av dei dyktige musikarane Hilde Svalbjørg, Øyvind Sture og Runa Isene. I tillegg til å drive med musikk, er dei alle lærarar på KVV. Dei har ofte framført songar internt på KVV, men dette blir debuten deira på ein offentleg konsert. Dei har valt å kalle seg HØR, som er samansett av forbokstavane deira.

Uskedelingen Øyvind Sture har laga tekst og melodi til alle songane. Han har tidlegare gitt ut CDen Balanse, men ingen av songane dei skal framføra på laurdag, er henta frå den. Tekstane er lyriske, tankevekkande og fulle av livsvisdom. Melodiane er vakre og ofte litt melankolske. Øyvind sjølv syng og spelar gitar, og Hilde og Runa har arrangert/utsmykka songane med piano og fiolin og av og til litt koring.



Duo Romantica under ein vakker konsert i Valen kyrkje.

Violinisten Runa Isene fortel at dei skal spele fem songar på konserten. I tillegg til «Under himmel overhav» skal dei framføre «Jeghører», «Morgengry», «Nyanser» og «Levende lys».

Den dyktige violinisten Runa Isene som mange konertpublikumet i Kvinnherad har hatt glede av å høyra tidlegare, vert sentral i konserten. Ho er også den eine delen av Duo Romantica der ho spelar saman med velkjende Eva Megyesi(piano). Eg har hatt gleda av å høyra dei ved ulike høve, og det er alltid like vakkert! - Vi har kalla oss Duo Romantica fordi vi er så glade i romantisk musikk. På denne konserten skal vi framføre to romansar, ein av Schumann, arrangert av Kreisler og ein av Beethoven. I tillegg blir det Meditation frå Thais av Jules Massenet, fortel Runa Isene om den delen av konserten.

I tillegg til dei to nemnde gruppene vert det også korsong med Rosendal songlag. Dei vil framføra eit variert program med alt frå musikalar til norsk folkemusikk. Eva Megyesi dirigerer koret. Arrangørane i Interesselaget for Vangssago har sett saman eit svært godt og interessant program. Dessverre er eg bortreist, for dette hadde eg hatt lyst til å ha vore på!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Christian Bjørgen og Thor Inge Døssland